



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Fh Gruppen AS
Sara Bouddount
Østre Aker vei 17
0581 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4387 - 21/4081

Saksbehandlar:
Christopher Marius Straumøy
christopher.marius.straumoy@austrheim.kom
mune.no

Dato:
28.05.2021

Svar på Søknad om ferdigattest - gbnr - 164/36 - Krossøy

Me syner til søknad motteke 20.05.2021.

Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for omsøkt fritidsbustad på gbnr. 164/36.

Saksutgreiing:

Austrheim kommune viser til omsøkt ferdigattest på fritidsbustad. Dei kontrollansvarlege for utføringa har ordna med sluttkontroll og avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjonen for det ferdige arbeidet. Gjennom dette har dei kontrollansvarlege stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at byggearbeidet er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Byggverket si plassering på tomta er dokumentert. Oppdatert gjennomføringsplan er lagt fram.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.
Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Mottakere:

Fh Gruppen AS

Østre Aker vei 17 0581

OSLO